



GISKE KOMMUNE  
Valderhaug 4  
6050 VALDERØYA

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Giske kommune - Vedtak om løyve til tiltak i sjø (mudring, utfylling og strandkantdeponi) ved Gjørundet og Gjørundneset

---

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ferdigbehandla søknaden frå Giske kommune, og gjev løyve til mudring i Gjørundet og utfylling og strandkantdeponi ved Gjørundneset industriområde. Løyve med vilkår følgjer vedlagt.**

**Vi vedtek eit gebyr på kr 33 300 for sakshandsaminga.**

---

Vi syner til søknad av 20.02.2020 frå Giske kommune om løyve til tiltak i sjø, og til annan korrespondanse i saken.

### Vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjev med dette Giske kommune løyve til mudring og sprenging i Gjørundet og utfylling og strandkantdeponi ved Gjørundneset industriområde. Løyva er gitt med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall* (forureiningslova) § 16, jf. § 16 og i medhald av *Forskrift av 01.06.2004 om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 22-6. Fylkesmannen har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyva. Løyve med vilkår følgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyva i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utreiing av saken. Ei eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At det er gitt løyve gjer ikkje at det ikkje kan vere erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyva er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

### Bakgrunn

Giske kommune søkte 20.02.2020 Fylkesmannen om løyve til mudring i Gjørundet og strandkantdeponi og utfylling ved Gjørundneset industriområde. Berekningar viser eit mudringsvolum på opp til om lag 255 000 m<sup>3</sup> dersom alle opsjonar takast med i tiltaket. Massane



skal i hovudsak plasserast i deponiet/utfyllinga. Mudringa skal utførast for å utvikle den viktige fiskerihamna i Gjø sundet, og massane vil bidra til ei planlagd utviding av kai- og industriarealet på Gjø sundneset. Gjø sundet vart sist mudra i 2002. Tiltaka det no søkast om, er planlagd utført i perioden 2021-2022.

## Høyring

Søknaden var på høyring fram til 31. mars 2020. Følgjande innspel og kommentarar vart send inn:

### Bergen Sjøfartsmuseum (28.02.2020)

Sjøfartsmuseet syner til tidlegare fråsegn i saken, men har vurdert saken igjen. Dei kjenner ikkje til kulturminne ved Gjø sund fiskerihamn som kan bli direkte råka av det planlagde tiltaket, og er kjend med at området har vore mudra tidlegare. Dei vurderer potensialet for marine kulturminne i området for dumping til å vere lågt. Dei har ikkje fleire merknadar til inngrepet, men dei gjer merksam på meldeplikta dersom ein under arbeid i området finn skipsvrak, keramikk eller andre marin kulturminne. Arbeidet må stansast straks, og sjøfartsmuseet kontaktast, dersom ein oppdagar slikt materiale.

### Kystverket (27.02.2020)

Kystverket opplyser at dei har mudra i det aktuelle hamnebassenget fleire gongar tidlegare, med varierende djupne. Vidare opplyser dei at det ved land på Valderøy-sida, midtveis ut i hamna, er plassert navigasjonsstang for eit mindre grunnparti som no er planlagt sprengt vekk. Kystverket forventar at tiltakshavar koordinerer sprengingsarbeid, fjerning av denne innretninga og fjerning av en flytestake lenger inne i hamna med dem.

Vidare nemner Kystverket at eksisterande utslepp i hamnebassenget skal sanerast, og dei antar at det vil følgje av ein eigen søknad kor nye sjøførte røyr/leiingar skal gå, slik at desse kan godkjennast etter hamne- og farvasslova. Kystverket skriv at slike ikkje bør ligge i bassenget då dei reduserer djupna og hindrar bruk av anker.

Kystverket nemner at det på deponistaden skal etablerast nye kantsjetéar, dels ved bruk av steinmassar frå eksisterande sjetéar og dels ved tilførsel av nye steinmassar. Kystverket påpeker at det truleg vil vere mykje tilgjengeleg masse frå tunnelarbeidet ved Nordøyvegen.

Kystverket nemner vidare at sjetéane skal hindre at partiklar spreiar seg ut frå området. Dersom splittlekter skal nyttast, må det vere ei opning til bassenget som skal fyllast ut, slik at denne kan kome seg inn og ut. Dette vil i så fall kunne medføre noko spreining av partiklar, men Kystverket nemner at massane kan fraktast med lastebil over land for å redusere dette. Dei føresett at dei forureina massane plasserast i deponiet fyrst, slik at dei kan dekkast over med reine massar.

Kystverket skriv at utdjuping må gjennomførast før utfylling frå land og kaibyggning kan utførast, og påpeker at dette har blitt gjennomgått i møte tidlegare i tilknytning til reguleringsprosessen. Kystverket betraktar utdjuping og arealoppbygging i området som eit positivt bidrag for sjøtransporten i området. Dei orienterer til sist om at det er Ålesundregionens havnevesen som er har mynde etter hamne- og farvasslova i det aktuelle tiltaket.

### Fiskeridirektoratet (16.03.2020)

Fiskeridirektoratet v/Ole Einar Jakobsen opplyste på telefon 16.03.2020 at dei ikkje har noko å legge til den uttala dei ga 09.12.2019. Vi gjev her eit kort samandrag av uttala frå desember:



Fiskeridirektoratet opplyste at det er registrert eit låssettingsfelt i Blomvika ca. 200 meter søraust for utdjuingsområdet og 350 meter sør for utfyllingsområdet. Låssettingsplassen er av fiskarane vurdert som mindre viktig, og har ikkje vore nytta på lang tid. Ca. 500 meter frå utfyllingsområdet er det eit rekestrålfelt, og om lag 900 meter sør for utfyllingsområdet er det eit område for bruk av aktive reiskap, men dei tiltaka som søkjast om ventast ikkje av Fiskeridirektoratet å kome i konflikt med desse. Næraste akvakulturlokalitetar er 10181 Oksebåsen og 12298 Røysa, og desse har ei avstand på minimum 1,3 kilometer til tiltaksområda.

Eit lokalt viktig gytefelt for torsk er registrert 1,9 kilometer unna utfyllingsområdet og 2,3 kilometer unna utdjuingsområdet. Fiskeridirektoratet påpeker at utfylling i sjø generelt kan berøre marinbiologiske tilhøve.

Fiskeridirektoratet påpeker at det ikkje er opplyst kva slags massar som er planlagt nytta til utfyllinga, og at stein frå sulfidholdige bergartar ikkje kan reknast som reine massar. Vidare påpeker dei ei rekke moglege negative konsekvensar av utfylling i sjø, som blakking av sjøvatn og spreining av skarpe partiklar, miljøgifter, udetonert sprengstoff og plastavfall frå sprenging. Dei oppfordrar til å redusere partikkelspreiinga mest mogleg. Dei anbefalar generelt at utfylling utførast haust og tidleg vinter, då dette er perioden då livet i kystsona er mest i ro.

Fiskeridirektoratet føresett at tiltaka vert vurdert i forhold til dei nemnde akvakulturlokalitetane og gyteområdet for torsk, og at avbøtande tiltak vert vurdert. Dei nemner siltskjørt som eit mogleg avbøtande tiltak for å redusere spreininga av partiklar under utfylling.

#### Johan Giskeødegård AS (31.03.2020)

Verksemnda skriv at den vil verte svært negativt belasta dersom tiltaka det søkjast om settast i gong utan at verksemnda sikrast eigna prosessvatn i mudringsfasen. Verksemnda skriv at den ikkje sjølv har økonomisk kapasitet til å sikre eigna prosessvatn i denne perioden. Råvatnet i Gjørundet vil ifølgje verksemnda verte av ein kvalitet som gjer det ueigna som prosessvatn i næringsmiddelindustrien under tiltaksperioden, noko som kan innebære at verksemnda må stenge ned aktiviteten i den aktuelle perioden.

#### **Vurderingane til Fylkesmannen**

Mudring og dumping av massar i sjø er regulert av forureiningsforskrifta kapittel 22. Forureiningsforskrifta § 22-3 og § 22-4 fastsett eit generelt forbod mot mudring og dumping, men etter søknad kan det gjevast løyve til slik aktivitet i medhald av § 22-6. For utfylling over forureina sjøbotn er det naudsynt med løyve etter forureiningslova § 11. Ved avgjerda har vi lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11, femte ledd. Massar frå mudring er i utgangspunktet å betrakte som næringsavfall, jf. forureiningslova § 27, men vi finn at dei ikkje skal betraktast som avfall i dette tilfellet då dei skal nyttiggjerast til utfylling ved Gjørundneset, der dei erstattar massar som elles ville ha vorte brukt, jf. § 32.

#### Spreining av forureining og partiklar

##### *Gjørundet*

Multiconsult AS har utført miljøundersøkingar på sjøbotnen i området i Gjørundet som skal mudrast (sjå rapport 712414-RIGm-RAP-001 av 04.03.2015). Konsulenten antar at sjøbotnen i området består av morene med innslag av leire, silt og sand. Totalt 12 prøvar vart analysert. Det var planterestar og H<sub>2</sub>S-lukt i mange av sedimentprøvane. Konsulenten antok at lukta skyldast liten eksponering for straum og bølger, og mogleg tilførsel av organisk materiale frå verksemder i nærleiken.



I prøven nærast hamna vart det funne TBT i tilstandsklasse IV, jf. den gamle rettleiaren til Miljødirektoratet, TA-2229/2007. Det vart òg funne koppar og PAH i tilstandsklasse II. TBT vart også påvist i klasse II i alle dei resterande prøvane, men elles var sedimenta i liten grad påverka av forureining. På bakgrunn av funna meiner konsulenten at mudringa kan utførast utan avbøtande tiltak for å hindre spreiring av forureining. Då tiltaket medfører ein risiko for oppvirvling og spreiring av partiklar i vassmassane, som kan ha uheldige konsekvensar for fiskeri, fisk og sjøfugl, anbefaler konsulenten at tiltaket overvakast ved måling av turbiditeten og at arbeidet utførast i periodar med liten aktivitet i sjøen.

Fylkesmannen sluttar seg i det vesentlegaste til vurderingane til konsulenten. Turbiditetsmålingar kan vere ein god måte å holde kontroll på spreiringa av partiklar under tiltaket på, jf. vilkår 5.1-4 i løyvet til mudring. Målingane skal gi eit generelt mål på partikkelspreiringa frå tiltaket, men skal også kontrollere at det ikkje vert uakseptabel partikkelspreiring til naturverdiane vest for tiltaksområdet (sjå avsnittet «Vurderingar etter naturmangfoldlova» for ei nærare skildring av desse).

Massane frå området ved båthamna i Gjøundet, der det er påvist forureining i sedimenta, må mudrast tidleg og plasserast nedst i deponiet/utfyllinga, slik at desse lettare forureina massane kan dekkast til med reinare massar.

#### *Gjøundneset*

Norconsult AS har utført miljøundersøkingar på sjøbotnen i området på austsida av Gjøundneset der det skal fyllast ut for å utvide industriarealet (sjå rapport 5199491 av 20.02.2020). Dei fann at sedimenta i tiltaksområdet i hovudsak var sand (partiklar >63 µm), med unntak av lengst sør i området, der det var inntil 19,7 % silt (partiklar med storleik frå 2-63 µm). Det var svært lite finpartikulært materiale (< 2 µm) i området. Prøvar frå fem stasjonar vart analysert.

Miljøtilstanda vart klassifisert etter rettleiaren 02: 2018 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*. Ei samla vurdering viste god kjemisk tilstand (tilstandsklasse II) i sedimenta.

Utfylling og oppbygging av strandkantdeponi i det aktuelle området vil kunne medføre ei vesentleg spreiring av partiklar i vassmassane. Ein mindre del av muddermassane som skal deponerast vil vere lettare forureina. For å unngå uakseptabel spreiring av partiklar og av forureiningar i sjøen, bør difor arbeidet utførast innanfor ein sjeté, som skildra i søknadsdokumenta, jf. vilkår 4.4 i løyvet til utfylling. Muddermassar frå det lettare forureina området ved båthamna i Gjøundet må plasserast i utfyllingsområdet fyrst, jf. vilkår 4.6, slik at dei kan dekkast til av dei resterande, reinare massane.

#### Sprenging på sjøbotnen

I den ytre delen av området der djupna skal aukast er det ei grunne som truleg må sprengast vekk. Sprenginga må utførast så forsiktig som mogleg av omsyn til bygg og kaier i nærleiken. Storleiken til sprengladningane bør vurderast med utgangspunkt i at negativ påverknad på bygg/kaier og naturmiljø ikkje må vere uakseptabelt stor. Mindre varseladningar for å skremme vekk fisk frå området bør utførast før hovudladningane detonerast, jf. vilkår 4.6 i løyvet til mudring.

#### Vurderingar etter naturmangfoldlova

Fylkesmannen har vurdert tiltaka etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfoldlova) § 8-12. Vurderingane våre har tatt utgangspunkt i Multiconsult og Norconsult sine rapportar frå området (712414-RIG-RAP-001 av 19.12.2014, 712414-RIGm-RAP-001 av 04.03.2015 og 5199491 av 20.02.2020), høyringsuttalene og databasane *Naturbasen* og kartverktøyet til Fiskeridirektoratet. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i



naturmangfaldlova, og vi kan ikkje sjå nokon grunn til å legge særleg vekt på føre-var-prinsippet i denne saken, jf. naturmangfaldlova § 9.

I *Naturbasen* visast eit stort utgreiingsområde for marint vern som byrjar like vest for tiltaksområdet og brua i Gjø sundet. Området har spesielle botntilhøve og eit rikt og produktivt plante- og dyreliv, og verneformålet er å ta vare på desse verdiane.

Ved Blindheimsvik, om lag 1,2 kilometer nordvest for mudringsområdet, er det registrert eit område med freding av dyr. Ved Gjø sundholmen, om lag 2,3 kilometer nordaust for tiltaksområdet ved Gjø sundneset, er det registrert eit naturreservat. Formålet med dette naturreservatet er å ta vare på eit område med eit særskilt biologisk mangfald, ikkje minst er området ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som gråmåse, svartbak og ærfugl. Det er også naturreservat som mellom anna skal ta vare på fugl ved Sætre dalen på Valderøya og ved Rørvikvatnet på Vigra. Ved Olmanvika like ved området som skal fyllast ut er det registrert eit beiteområde for vade-, måse- og alkefuglar. Like nordvest for området som skal mudrast er det registrert eit beiteområde for andefuglar.

Vi har satt fleire vilkår i løyva (sjå eget avsnitt) som skal sikre at omsynet til desse naturverdiane vert ivaretatt gjennom at det haldast kontroll på partikkelspreiinga under tiltaka.

I kartverktøyet til Fiskeridirektoratet er det registrert ein låssettingsplass ved Blomvika like søraust for området som skal mudrast. Aust for tiltaksområdet på Gjø sundneset er det registrert fiskeplassar og rekefelt for aktive reiskapar, med ein avstand på om lag 500 meter til tiltaksområdet. Om lag 800 meter sør for Gjø sundneset er det registrert ein annan fiskeplass for aktive reiskapar. Også vest for Gjø sundet, om lag ein kilometer unna mudringsområdet, er det registrert eit større fiskefelt for aktive reiskapar. I Vikebukta, om lag 1,9 kilometer nordvest for mudringsområdet er det registrert ein låssettingsplass. Eit større, lokalt viktig gytefelt for torsk byrjar om lag 1,7 kilometer søraust for Gjø sundneset.

Næraste akvakulturlokalitetar er 40337 Gjø sundneset på nordsida av Gjø sundet og 39017 Vikane ca. 1,4 kilometer nordvest for tiltaksområdet.

Av omsyn til naturverdiane og fiskeriinteressene i området, må det syrgjast for at spreiinga av partiklar under tiltaka ikkje vert uakseptabelt stor. Fleire vilkår i løyva skal sikre dette (sjå løyva og tidlegare avsnitt).

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet vert utsett for. Tiltaksområda er område som er påverka av menneskeleg aktivitet i form av båttrafikk og liknande i lang tid. På bakgrunn av dei avbøtande tiltaka i løyva, kan vi ikkje sjå at tiltaka vil medføre eit vesentleg bidrag til den samla belastninga på naturverdiane i nærområdet.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i karakteren til tiltaket og den eventuelle skaden. I denne saken finn Fylkesmannen det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekkja eventuelle kostnadar av avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyva. Dei avbøtande tiltaka er også i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Marin forsøpling



I søknaden er det oppgitt at faren for marin forsøpling under tiltaket er liten, men at entreprenøren vil få beskjed om å vise omsyn til miljøet og varsle dersom det skulle observerast eller inntreffe noko som kan medføre forsøpling undervegs. Ved eventuell bruk av sprengstein til utfylling må det syrgjast for at så lite restar av sprengtråd og anna avfall som mogleg spreiaast i naturmiljøet, jf. vilkår 4.7 i løyvet til utfylling.

#### Prosessvatn og innspel frå sjømatnæringa

Verksemda Johan Giskeødegård AS ga i ei uttale til søknaden uttrykk for bekymring for tilgangen på eigna prosessvatn under mudringa i Gjøundet. I e-post av 21.04.2020 til Fylkesmannen gjev kommunen ein kommentar til verksemda si uttale. Kommunen skriv at det arbeidast med fleire løysingar, der det kan verte aktuelt å nytte anledninga til å lage ei framtidssretta løysing som kan nyttast av fleire verksemder. Kommunen nemner eit felles sjøvassanlegg, og skriv at det er fatta vedtak i formannskapet om økonomisk støtte til eit slikt anlegg. Kommunen presiserer vidare at det ikkje har vore aktuelt å starte mudringa før det naudsynte er avklart. I reguleringsplanen står det følgjande: «Før det blir starta mudring/utbygging eller andre tiltak som kan medføre at sjøvatn i området vert ueigna som råvasskjelde for dagens inntak, skal nye leidningar vere opparbeid og teke i bruk».

I e-post til Fylkesmannen av 31.08.2020 frå Giske kommune v/V. Giskeødegård skreiv kommunen at det no var slått fast at mudringsprosjektet skulle ordne med eit mellombels anlegg til dei eksisterande verksemdene i anleggsperioden, slik at behovet for reint prosessvatn vert dekkja. Det vart òg opplyst at dei vil fortsette arbeidet med å finne ei permanent løysing for felles sjøvass-/prosessvass-anlegg i området, som eksisterande og nye verksemder kan knyte seg til når det er klart.

Fylkesmannen føresett at tiltakshavar sørgjer for at det finnast fram til ei god løysing på spørsmålet om tilgang på eigna prosessvatn under anleggsperioden.

#### Vanndirektivet

Tiltaka skal utførast i vassførekomstane ved namn Ålesund-ytre og Vigrafjorden. Ålesund-ytre har i databasen *Vann-nett* god kjemisk og økologisk tilstand. Vigrafjorden har moderat økologisk og god kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifølgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) normalt ikkje utførast dersom tiltaket vil medføre ein reduksjon av den økologiske statusen til førekomsten. På bakgrunn av dei avbøtande tiltaka i løyva finn vi det ikkje sannsynleg at tiltaka vil medføre ein slik reduksjon.

#### Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal tillét tiltak i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av desse vilkåra meiner vi at tiltaka ikkje vil medføre vesentleg spreiding av forureining eller skade på naturmiljøet. Ut ifrå ei samla vurdering ser vi samfunnsnytta av tiltaka som større enn dei mindre, negative effektane på naturmiljøet.

#### **Erstatningsansvar**

Løyve frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

#### **Vedtak om gebyr for sakshandsaminga**

Tiltaket er plassert under gebyrsats 6, jf. *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og 39-4. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr



33 300 for sakshandsaminga. Faktura med blankett for innbetaling vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Ressursbruken knytt til sakshandsaminga er lagt til grunn ved fastsettinga av gebyrsats. Inn under dette høyrer gjennomgang og høyring av søknaden, korrespondanse med søkjaren, og sjølv arbeidet med og ferdigstilling av løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hos Fylkesmannen omfattast også.

Vedtaket om gebyrsats kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er mottatt, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Klagen vert ikkje gitt oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er bestemt over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

### Offentleggjing av løyva

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan gå for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet vart gitt. Eit forslag til kunngjeringstekst er vedlagt. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Logoen til Fylkesmannen skal ikkje nyttast.

### Datoar og fristar

- Vedtaket skal offentleggjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast melding om oppstart til Fylkesmannen i Møre og Romsdal når tiltaka settast i verk. Meldinga kan gjevast til sakshandsamar på e-post ([fmmrthau@fylkesmannen.no](mailto:fmmrthau@fylkesmannen.no)).
- Løyva er gyldige til 31.05.2023
- Måleresultata i miljørapportane vedlagt søknaden skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 31.12.2020, jf. vilkår 6.2 i løyvet til utfylling (resultata frå mudringsområdet er allereie lagt inn).
- Rapport i tråd med vilkår 6.1 i løyva skal sendast til Fylkesmannen innan 6 veker etter at tiltaka er utført.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Løyve til mudring
- 2 Løyve til utfylling
- 3 Forslag til kunngjeringstekst



**Kopi til:**

**FISKERIDIREKTORATET  
JOHAN GISKEØDEGÅRD AS**

**Postboks 185 Sentrum  
Sætrehamna 15**

**5804 BERGEN  
6050 VALDERØ  
YA**

**KYSTVERKET (MIDT-NORGE)  
STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM**

**Postboks 1502  
Postboks 7800**

**6025 ÅLESUND  
5020 BERGEN**





## Løyve for Giske kommune til mudring og sprenging i Gjørundet

Løyvet er gitt i medhald av [Lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall](#) § 16 og [Forskrift av 01.06.2004 om begrensning av forurensning](#) (forureiningsforskrifta) kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det føreligg naudsynte løyve eller klareringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må på førehand avklare skriftleg med Fylkesmannen i Møre og Romsdal endringar den ynskjer å foreta i forhold til opplysningar gitt i søknaden eller under sakshandsaminga som kan ha miljømessig betydning.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.05.2023**.

### Bedriftsdata

Verksemd	Giske kommune
Gateadresse	-
Postadresse	Valderhaug 4, 6050 VALDERØYA
Org. nummer (bedrift)	964 980 721
Lokalitet for tiltaket	Gjørundet/Gjørund fiskerihamn
Gards- og bruksnummer for tiltaket	-
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 351996, Y: 6936509
Kommune tiltaket utførast i	Giske

### Fylkesmannens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2020.0325.T	1532.0051.01	4
Tillatelse gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
09.09.2020	-	-

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

<sup>1</sup> Miljømyndighetenes system for beregning av hyppighet av frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høyest og 4 er lavest.



## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kommentarar
-	-	-	-

**1. Verkeområdet til løyvet**

Løyvet gjeld mudring av om lag 255 000 m<sup>3</sup> massar ved Gjø sundet/Gjø sundet fiskerihamn i Giske kommune, inkludert sprenging ved behov.

**2. Generelle vilkår**

- 2.1 Tiltaket må gjennomførast som angitt i søknad datert 20.02.2020, og i tråd med revidert kart sendt inn 08.09.2020, dersom ikkje noko anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på anna måte er avklart med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitas vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavar plikter å orientere den som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkår som gjeld, og om dei restriksjonar som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheita, eller dei den gjev mynde, skal til ei kvar tid ha adgang til området for inspeksjon.
- 2.5 Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og dersom det er naudsynt trekke løyvet tilbake, dersom tilhøve gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stoppe arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande ikkje fungerer etter hensikta, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i gang ytterlegere tiltak.
- 2.7 Ved mistanke om eventuelle funn av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeida stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

**3. Internkontroll, beredskap og varsling**

- 3.1 Tiltakshavar skal utan opphald varsle Fylkesmannen om alle unormale tilhøve som har, eller kan få forureiningsmessig betydning.
- 3.2 Tiltakshavar plikter å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrift til desse lovene.



- 3.3 Tiltakshavar plikter å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå all aktivitet knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha en naudsynt beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all aktivitet, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg forhold til risikoen for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av verksemda, skal den ansvarlege varsle etter *Forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har 24 timars vaktberedskap og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

#### **4. Mudring og sprenging**

- 4.1 Fylkesmannen skal varslast når arbeidet startast opp.
- 4.2 Tiltaket skal utførast i tråd med avgrensa område som vist i revidert kart vedlagt e-post til Fylkesmannen av 08.09.2020.
- 4.3 Det skal nyttast metodar for mudring som minimerer risikoen for spreieing av partiklar og forureining.
- 4.4 Massane som takast opp frå Gjørundet kan nyttast til utfylling ved industriområdet på Gjørundneset som skildra i søknaden. Massane som takast opp frå området ved båthamna må betraktast som forureina og plasserast nedst i sjøfyllinga/deponiet. Desse lettare forureina massane skal dekkast til med resterande, reinare massar.
- 4.5 Tiltaket skal utførast under passende vind- og bølgetilhøve for å redusere uheldig spreieing av partiklar.
- 4.6 Ved eventuell sprenging i Gjørundet skal det fyrst detonerast ei mindre ladning for å skremme vekk eventuell fisk frå området før hovudladninga detonerast.

#### **5. Kontroll og overvaking**

- 5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet etter eit kontroll- og måleprogram. Kontroll- og måleprogrammet skal inngå i verksemda sitt internkontrollsystem. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreieing av forureining under tiltaket.



- 5.2 Turbiditetsmålingane skal gje eit generelt mål på partikkelspreiinga under mudringstiltaket, men også ha fokus på at det ikkje skal vere uakseptabelt høg spreining av partiklar til naturverdiane vest for mudringsområdet. Under anleggsperioden skal det kontinuerleg gjerast målingar av:
- Turbiditet i minst ein referansestasjon i området som ikkje er påverka av anleggsarbeidet.
  - Turbiditet i minst ein målestasjon nedstraums som er påverka av anleggsarbeidet og som maksimum ligger 50 meter frå staden der det arbeidast.
- 5.3 Grenseverdien for turbiditet settast til 10 NTU over turbiditet på referansestasjonen. Ved målingar over dette i ein periode på 15 minuttar, skal det settast i verk tiltak for å avklare årsakssamanheng. Dersom dei uakseptabelt høge målingane skyldast interne tilhøve, skal arbeidet stansast straks og naudsynte tiltak gjennomførast. Prosessen kan ikkje starte opp før turbiditeten er nede på stabile nivå under grenseverdien. Rutinar og eventuelle tiltak skal skildrast i internkontrollen.
- 5.4 Det skal førast logg over resultat frå overvakinga, og mengder og tidspunkt for opptak av muddermassar. Loggen skal som et minimum også innehalde eventuelle episodar med uakseptabelt høge verdiar og korrigerande tiltak. Loggen skal vere tilgjengeleg ved eventuelle tilsyn.

## **6. Rapportering**

- 6.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Fylkesmannen innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:
- Kort skildring av tiltaket og utført arbeid
  - Resultata frå turbiditetsmålingane
  - Eventuelle episodar med uakseptabelt høge målingar, og korrigerande tiltak.



## Løyve for Giske kommune til utfylling og strandkantdeponi ved Gjøsdneset industriområde

Løyvet er gitt i medhald av *Lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall* § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det også føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Fylkesmannen i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.05.2023**.

### Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Giske kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Valderhaug 4, 6050 VALDERØYA
Org. nummer (bedrift)	964 980 721
Lokalitet for tiltaket	Gjøsdneset industriområde
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 352 670, Y: 6936612
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 7 bnr. 297
Kommune tiltaket utførast i	Giske

### Fylkesmannens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2020.0324.T	1532.0052.01	4
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
09.09.2020	-	-

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kommentarar
-	-	-	-

<sup>1</sup> Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## **1. Verkeområde for løyvet**

Løyvet omfattar utfylling og strandkantdeponi ved gnr. 7 bnr. 297 ved industriområdet ved Gjøvsundneset i Giske kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet.

## **2. Generelle vilkår**

- 2.1 Tiltaket må gjennomførast som angitt i søknaden datert 20.02.2020 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på anna måte er avklart med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitene vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

## **3. Internkontroll, beredskap og varsling**

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Fylkesmannen om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf.



forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe.

Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.

- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

#### **4. Utfylling og strandkantdeponi i sjø**

- 4.1 Fylkesmannen skal varslast når arbeidet startast.

- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.

- 4.3 Det skal nyttast metodar for utfylling som minimerer faren for spreieing av forureining.

- 4.4 For å unngå uheldig spreieing av partiklar og miljøgifter ut av tiltaksområdet, skal det opparbeidast ein sjeté ikring utfyllingsområdet. Utfylling og deponering skal utførast innanfor sjetéen. Siltgardin nyttast etter behov.

- 4.5 Muddermassane frå Gjørundet kan nyttast til utfylling. Eventuelle sprengsteinmassar som nyttast i tillegg må ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sediment i Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal òg ligge innanfor normverdiane fastsette i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Massane skal vere eigna til formålet, og det tillatast ikkje å nytte reaktive bergartar.

- 4.6 Dei lettare forureina muddermassane frå området ved båthamna i Gjørundet skal plasserast fyrst i deponiet, og dekkast over med resterande, reinare massar. Tildekkinga må utførast slik at det ikkje vil lekke ut miljøgifter i ettertid.

- 4.7 Sprengtråd, skyteleiing og anna avfall i eventuelle sprengsteinmassar skal fjernast før massane leggjast i fyllinga.

- 4.8 Tiltaket skal utførast under eigna vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreieing av partiklar.

#### **5. Kontroll og overvaking**

- 5.1 Det skal gjennomførast visuell kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet med fokus på å avdekke uakseptabel spreieing av partiklar ut av tiltaksområdet.



## 6. Rapportering

6.1 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (se Norncosult sin rapport nr. 5199491 av 20.02.2020) skal registrerast i databasen Vannmiljø **innan 31.12.2020**. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Fylkesmannen innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Ei skildring av dei avbøtande tiltaka som vart gjort for å unngå uheldig spreiding av partiklar og miljøgifter og ulemper for naturmiljøet
- Eventuelle avvik eller uhell og korleis dei vart handsama.





Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Dette er forslaget vårt til kunngjeringstekst ved kunngjering av løyvet i lokalavisa.

#### **Løyve til tiltak i sjø ved Gjøsundet**

Giske kommune får løyve etter forureiningslova til mudring ved Gjøsund fiskerihavn og til utfylling og strandkantdeponi ved Gjøsundneset industriområde. Muddermassane frå Gjøsundet skal nyttast i utfyllinga ved Gjøsundneset. Tiltaka er planlagt utført i perioden 2021-2022.

Vedtaket med løyve kan lesast på nettsidene til Fylkesmannen i Møre og Romsdal under «Forureining» og «kunngjeringar».